



Tiltak for god eigarstyring

Eigarskapkontroll – Telemark fylkeskommune

2018 :: 400 007

[Klikk her for å få tips til
å lese dokumentet
elektronisk](#)

Innhold

Samandrag	3
1 Innleiing	5
1.1 Bakgrunn, formål og problemstillingar	5
1.2 Metode	5
1.3 Vurderingskriterium	7
1.4 Høyring	8
2 Hovudprinsipp for eigarskap - eigarskapsmelding	9
3 Hovudprinsipp for eigarskap - praksis	11
3.1 Opplæringstiltak og informasjon om eigarskap.....	11
3.2 Representasjon – fullmakter og val	12
3.3 Eigarrepresentanten - mandat - politisk handsaming - habilitet	17
4 Samordning med andre eigarar	24
4.1 Kontrollkriterium.....	24
5 Styre i selskap – evaluering, valprosessar, samansetjing	28
5.1 Eigenevaluering og omtale av styring og leiing i årsmeldinga	28
5.2 Valkomit� og val.....	31
5.3 Styresamansetjing – kj�nnsbalanse og kompetanse.....	34
6 Konklusjonar og tilr�dingar	39
6.1 Konklusjonar	39
6.2 Tilr�dingar.....	40
Vedlegg	40
Vedlegg 1: H�yringsuttaler	41
Vedlegg 2: KS’ Tilr�dingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll	44

Foto framside: Svilen Milev, www.effective.com

Samandrag

Bestilling

Eigarskapskontrollen er bestilt av kontrollutvalet i Telemark fylkeskommune i sak 42/17. Bakgrunn for bestillinga er plan for selskapskontroll 2016-2019, vedtatt av fylkestinget i Telemark.

Kontrollutvalet har bedt om svar på følgjande problemstillingar:

- I kva grad har fylkeskommunen praktisert vedtekne hovudprinsipp for eigarskap?
- Har fylkeskommunen samordna sine føringar for selskapa med andre eigarar?
- I kva grad er lovkrav og retningsliner gjennomført når det gjeld val av styremedlemmer, styresamansetjing og styreevaluering?

Konklusjonar

Fylkeskommunen har gjennom fleire tiltak lagt til rette for god eigarstyring. Vi vil peike på tiltak som folkevaltopplæringa, eigarskapsmelding og eigarstrategi, og organisering av oppgåver knytt til eigarstyring i administrasjonen.

Vi ser at det ikkje alltid er samsvar mellom KS sine tilrådingar for godt eigarskap og dei føringane som fylkestinget har vedtatt i eigarskapsmeldinga. Dette kan vere resultat av vurderingar og val som fylkestinget har gjort i handsaminga av eigarskapsmeldinga. Vi vil likevel peike på følgjande:

- Fylkeskommunen eig alle selskap saman med andre. Eigarskapsmeldinga omtalar i liten grad tiltak som er eigna til å sikre god eigarstyring saman med andre eigarar, som til dømes bruk av valkomité for selskapa.
- Fylkestinget har vedtatt at eigarsaker skal ha politisk handsaming, helst i fylkestinget. Med forlenga innkallingsfrist vil det ligge betre til rette for politisk handsaming av eigarsaker. Fylkeskommunen kan ikkje einseitig instruere selskapa om forlenga frist, men dette kan fastsetjast i selskapa sine vedtekter. Eigarskapsmeldinga omtalar ikkje dette.

Enkelte lovkrav og fylkestinget sine vedtekne hovudprinsipp for eigarskap blir ikkje praktisert fullt ut:

- Dei to IKSa i kontrollen har ikkje kalla inn til representantskapsmøte i samsvar med reglane i IKS-lova om innkallingsfrist og adressat for innkallinga.

- Innkallingar til møte i eigarorgana blir i liten grad handsama politisk, verken før eller etter møte. Nokre av selskapa har ikkje vore handsama av fylkesting eller fylkesutval i heile den perioden vi har undersøkt.
- Fylkeskommunen har ikkje hatt tiltak for å sikre at habilitet blir vurdert i fylkeskommunen si handsaming av eigarsaker.

Vi har følgjande merknader om val av styremedlemmer m.m.:

- Dei styra vi har sett på har den kompetansen som fylkestinget har etterspurt i eigarskapsmeldinga.
- I dei fleste styra vi har sett på er det medlemmer som ikkje er uavhengige av fylkesting, bestillar m.v, jf. eigarskapsmeldinga pkt.2.3.2.2.
- Styresamansetjinga i Konesjonskraftstyret gjer at kontrollfunksjonen til årsmøtet blir svekka, og at fylkesordførar og fylkesrådmann blir inhabile til å handsame saker i årsmøtet og i fylkeskommunen dersom selskapet er part.
- Alle selskapa har ikkje oppdatert registrering av styreverva i offentlege register.
- Styreverva er i liten grad registrert i styrevervregisteret.
- Styra har i liten grad utarbeidd instruksar for styret og dagleg leiar.
- Valkomiteane dokumenterer i liten grad arbeidet sitt.

Tilrådingar

Vi tilrår at fylkeskommunen

- vurderer om det er godt nok samsvar mellom ynskt praksis og formuleringar i eigarskapsmeldinga og delegasjonsreglementet
- i større grad handsamar eigarsaker i fylkesting eller fylkesutval, slik det står i retningsliner i eigarskapsmeldinga og tilrådingar frå KS
- sikrar at habilitetsreglane vert følgde i handsaminga av eigarsaker
- vurderer om styresamansetjing i Konesjonskraftstyret er føremålstenleg i lys av habilitetsverknadene og årsmøtet sin kontrollfunksjon
- vurderer å bruke valkomité for kvart selskap, jf. tilråding frå KS
- ser til at alle selskapa oppdaterer informasjon om styresamansetjinga i offentlege register
- ser til at alle selskapa oppdaterer registreringar av styremedlemmer i styrevervregisteret
- vurderer om det er behov for å klargjere fylkestinget sine forventningar til innhaldet i selskapet si rapportering om leiing og styring i årsmeldinga

Skien, 26. september 2018

Telemark kommunerevisjon IKS

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn, formål og problemstillingar

Kontrollutvalet i Telemark fylkeskommune har vedtatt eigarskapkontrollen i sak 42/17, jf. kommunelova § 77 nr. 5 og fylkeskommunen sin plan for selskapskontroll 2016-2019, vedtatt av fylkestinget i Telemark i sak 57/16.

Eigarskapspolitikken for Telemark fylkeskommune kjem til uttrykk i eigarskapsmeldinga, sist vedtatt av fylkestinget i 2016, sjå nærare omtale i pkt. 2. I denne kontrollen har vi undersøkt om grunnleggande tiltak i fylkeskommunen sin eigarskapspolitikk blir praktisert, og om lovkrav og retningslinjer er følgde når det gjeld styresamansetjing og valprosessar i utvalde selskap. På denne måten kan kontrollen bidra til å støtte opp under den eigarskapspolitikken som fylkestinget har vedtatt, og til auka eigarkompetanse og kunnskap om praksis.

Kontrollutvalet har bedt om svar på følgjande problemstillingar:

- **I kva grad har fylkeskommunen praktisert vedtekne hovudprinsipp for eigarskap?**
- **Har fylkeskommunen samordna sine eigarskapsføringar med andre eigarar?**
- **I kva grad er lovkrav og retningslinjer gjennomført når det gjeld val av styremedlemmer, styresamansetjing og styreevaluering?**

Desse problemstillingane dekker punkt to og tre i fylkeskommunen sin plan for selskapskontroll.

1.2 Metode

Dette er ein *eigarskapkontroll*, som er ei av kontrollformene i selskapskontroll. Kontrollen er gjennomført i samsvar med reglane om selskapskontroll i kommunelova §§ 77 og 80, og forskrift om kontrollutval §§ 13 og 14. Kontrollen er gjennomført av Kirsti Torbjørnson, og er kvalitetssikra av Anne Sæterdal.

Kontrollen er retta mot fylkeskommunen som eigar, og gjeld deler av eigarskapsutøvinga i fire utvalde selskap. Vi undersøker ikkje selskapa og styra si verksemd, bortsett frå at vi ser på om selskapsstyra har gjennomført styreevalueringar og om innkallingane til og protokollføring av møte i eigarorgana er i samsvar med gjeldande krav i lov og vedtekter/selskapsavtale.

Eigarskapsmeldinga og eigarstrategien handlar både om verksemder som er organisert innanfor fylkeskommunen (for eksempel prosjekt og fylkeskommunalt føretak) og om verksemder som er organisert som sjølvstendige rettssubjekt (IKS, AS og § 27-selskap m.m.). Denne rapporten handlar om fylkeskommunen si eigarstyring av sjølvstendige rettssubjekt.

1.2.1 Utval og tidsperiode

Selskapa er valt ut i samråd med kontrollutvalet. Det er lagt vekt på å ta med ulike selskapsformer. Dei utvalde selskapa er:

- VIGO IKS
- Kragerø Fjordbåtselskap IKS
- Telemark og Vestfold regionteater AS
- Konesjonskraftstyret i Telemark (§ 27-selskap)

Kontrollen gjeld hovudsakeleg åra 2016 og 2017, slik at møte i eigarorgana i 2018 ikkje er med i kontrollen.¹

1.2.2 Datainnsamling

Vi har innhenta dokumentasjon frå fylkeskommunen sin administrasjon og frå selskapa. Datainnsamlinga har gått føre seg i perioden desember 2017 – april 2018. Vi har bedt om følgjande dokumentasjon frå fylkeskommunen:

- program for folkevaltopplæring eller andre obligatoriske opplæringstiltak for eigarskap for folkevalte i fylkeskommunen i denne valperioden (2015-2019),
- saksreferanse til fylkestinget sitt val av representantar til representantskapet i VIGO IKS og Kragerø Fjordbåtselskap IKS i denne valperioden,
- saksreferanse til politisk handsaming av saksdokument for årsmøte/ generalforsamlingar/representantskapsmøte i dei aktuelle selskapa i 2016 og 2017,
- innkalling, referat eller anna informasjon om eventuelle eigarmøte med dei ulike selskapa i 2016 og 2017,
- informasjon/dokumentasjon av arbeid gjort av gruppeleiarane/ fylkeskommunen si valnemnd knytt til val av styremedlemmer i dei aktuelle selskapa i 2015-2017,

¹ Unntak for Kragerø fjordbåtselskap IKS, der vi har med informasjon om eigarmøte og representantskapsmøte i 2018.

- informasjon/dokumentasjon av tiltak for å samordne eigarskapsutøvinga med andre eigarar, til dømes
 - tiltak for å samordne retningsliner for selskapa si verksemd (innkallingsfrist, styreevaluering, styreinstruks, medlemskap i arbeidsgivarorganisasjon, informasjon i årsmelding og liknande.)
 - tiltak for å samordne styresamansetjing,
- eventuelle andre politiske vedtak om eigarskap i dei aktuelle selskapa frå 2016 og 2017, eller anna informasjon som kan vere relevant for kontrollen, og

Frå selskapa har vi bedt om følgjande:

- selskapet sine vedtekter eller selskapsavtale
- innkallingar og protokollar frå generalforsamlingar/representantskapsmøte/ årsmøte i 2016 og 2017
- selskapet sine årsmeldingar for 2015 og 2016
- ei oversikt over styremedlemmene si kompetanse/korleis ønska kompetanse er ivarettatt i styret, jf. fylkeskommunen si eigarskapsmelding pkt. 2.3.2.2. (økonomi, jus, sektor-/bransjekompetanse og politiske prosesser)
- eventuell styreinstruks
- informasjon om eller dokumentasjon av rutinar for styreevaluering og gjennomføring av styreevaluering, evt. dokumentert gjennom styreprotokollar
- anna som kan vere relevant for kontrollen.

I tillegg har vi nytta opne kjelder: Foretaksregisteret i Brønnøysund, proff.no, styrevervregisteret.no og selskapa sine nettsider.

Vi har ikkje gjennomført intervju, men har henta noko informasjon får dei daglege leiarane i selskapa, den koordinerande eininga for eigarskap i fylkeskommunen sin administrasjon og saksansvarlige for selskapa i fylkeskommunen sin administrasjon.

1.3 Vurderingskriterium

Kriteria for vurderingane i rapporten bygger i hovudsak på følgjande kjelder:

- lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (koml)
- lov 29. januar 1999 om interkommunale selskap (IKS-lova)
- (forskrift 17. desember 1999 om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper)
- lov 13. juni 1997 om aksjeselskap (asl)
- lov 21. juni 1985 om registrering av foretak

- eigarskapsmelding og eigarstrategi for Telemark fylkeskommune (2016 og 2017)
- delegasjonsreglement for Telemark fylkeskommune vedtatt i 2016 (sak 77/16)
- KS' anbefalinger for eierstyring
- vedtekter/selskapsavtalar for dei aktuelle selskapa

Utleiing av kriteria står i pkt. 3, 4 og 5.

1.4 Høyring

Utkast til rapport er sendt på høyring til fylkeskommunen og dei selskapa som er omtalt i rapporten. Vi har fått høyringssvar frå Kragerø Fjordbåtselskap IKS, Vigo IKS og frå Telemark og Vestfold regionteater AS og Telemark fylkeskommune v/ fylkesrådmann. Innspela er i hovudsak tatt til følge. Formelle høyringssvar følgjer som vedlegg til rapporten. Innspel i høyringa frå Telemark fylkeskommune v/ fylkesordførar går fram av pkt. 3.3.

2 Hovudprinsipp for eigarskap - eigarskapsmelding

Fylkestinget i Telemark har vedtatt ei eigarskapsmelding for Telemark fylkeskommune med tilhøyrande eigarskapsstrategi. Gjeldande eigarskapsmelding blei vedtatt av fylkestinget 28.04.16. Eigarskapsstrategien blei sist vedtatt av fylkestinget 24.10.17.

Eigarskapsmeldinga gjer greie for fylkeskommunen sin overordna eigarskapspolitikk, og gir generell informasjon om ulike organisasjonsformer og om roller og ansvar i eigarskapsutøvinga. I meldinga finn ein ei samla oversikt over fylkeskommunen sitt eigarskap. I eigarstrategien blir kvar eigarposisjon vurdert konkret.

I eigarskapsmeldinga er det fastsett hovudprinsipp for

- val av organisasjonsform,
- styring frå eigar,
- styret: samansetjing, val, roller og ansvar,
- dagleg leiar: roller og ansvar, og
- roller og oppgåver for fylkeskommunen sin administrasjon.

Vi nemner følgjande hovudprinsipp frå eigarskapsmeldinga:

- Eigarskapsmeldinga skal handsamast kvar valperiode.
- Folkevalde og kontaktpersonar/sakshandsamarar i administrasjonen skal få obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar.
- Fylkesordførar eller annan frå politisk leiing, møter i formelle og uformelle møter i eigarorganet.
- Eigarutøvinga skal speile fylkestinget si fleirtalsavgjerd.
- Styra skal om mogleg setjast saman ut frå behov for kompetanse, kapasitet, mangfald og uavhengigheit.
- Kjønnkvoteringsregelen bør følgjast for alle selskap.
- Styret skal sørge for regelmessig opplæring om styrets ansvar og oppgåver.
- Styret bør vurdere ei eigenevaluering kvart år, både når det gjeld kompetanse og arbeid internt i styret.
- Styret skal setjast saman slik at risikoen for rollekonfliktar blir minimalisert. Ein må vere merksam på risikoen for habilitetskonfliktar.
- Styret sine prioriteringar bør gå fram av ein selskapsstrategi som eigarorgana vedtar.
- Styret skal gjere greie for selskapet si styring og leiing i årsrapporten.

- Dagleg leiar får som hovudregel styringssignal berre frå styret. Eventuelle signal direkte frå politikarar eller fylkesadministrasjon skal kanalisert via styret.
- Fylkesadministrasjonen si hovudrolle er som rådgivar og kontroller for fylkesordførar før saker blir lagt fram i fylkestinget. Administrasjonen skal sørge for rettidig handsaming av saker som dei respektive styra har lagt fram til handsaming i eigarorgana (generalforsamling eller representantskap).

Telemark fylkeskommune eig dei fleste selskapa saman med andre eigarar, særleg andre kommunar. Eigarskapsmeldinga har ikkje omtale av problemstillingar og samordningsbehov knytt til felles eigarskap med andre, til dømes tilrettelegging for å sikre politisk handsaming av årsmøtesaker, tiltak for å sikre samla styresamansetjing, arbeidsprosessar for valkomité m.v.

3 Hovudprinsipp for eigarskap - praksis

I kva grad har fylkeskommunen praktisert vedtekne hovudprinsipp for eigarskap?

3.1 Opplæringstiltak og informasjon om eigarskap

3.1.1 Kontrollkriterium

Krav til folkevaltopplæring om eigarskap er regulert i eigarskapsmeldinga. Ifølgje eigarskapsmeldinga bør Telemark fylkeskommunes årsrapport innehalde ein del nøkkelopplysningar om eigarskapet; formål, økonomisk status og namn på styremedlemmar for alle selskap fylkeskommunen har ein større eigardel i. Vidare står det at fylkestinget skal vedta ein eigarstrategi med informasjon om og vurderingar av selskapa og eigarskapet.

Vi har utleidd følgjande kriterium:

- **Det skal vere obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar for folkevalte og kontaktpersonar/sakshandsamarar i administrasjonen.**
- **Fylkeskommunen sin årsrapport bør innehalde ein del nøkkelopplysningar om sentrale selskap for fylkeskommunen.**
- **Fylkeskommunen skal utarbeide eigarstrategi som skal handsamast av fylkestinget.**

3.1.2 Opplæringstiltak - fakta

Eigarskap har vore tema i folkevaltopplæringa for fylkestinget i oktober 2015. Det var sett av 1,5 time til dette, og innhaldet i eigarskapsopplæringa var mellom anna historikk, kva er eigarskap, eigarskapsmelding og –strategi, organisasjonsformer, roller og ansvar, styret, habilitet, og oppgåver og roller i administrasjonen. Denne opplæringa er eit tilbod til fylkestinget.

Fylkeskommunen har ei ordning med administrativt saksansvarlege for dei ulike eigarskapa som fylkeskommunen har. Fylkeskommuneadvokaten har eit overordna ansvar for å koordinere dette arbeidet. Ho opplyser at det har vore lite utskifting av tilsette med slike oppgåver, og at det er difor ikkje er gjennomført samla obligatorisk opplæring for denne gruppa tilsette etter etablering av ordninga. Ho gjennomfører kvart år eit felles møte med gruppa. I tillegg blir det gitt bistand ved behov. Det er laga skriftlege rutinar for den saksansvarlege rolla og ansvaret som ligg til den. Rutinen ligg

ikkje i TQM-systemet. Fylkeskommuneadvokaten opplyser at rutinen er gjort kjend for og distribuert til dei aktuelle sakshandsamarane ved e-post og årlege møte.

3.1.3 Årsrapport – informasjon om eigarskap

I fylkeskommunen sin årsrapport for 2016 viser tabell 44 oversikt over eigardelar i fylkeskommunen sine selskap. Det er ikkje anna informasjon om selskapa i årsrapporten.

I eigarstrategien er det utfyllande informasjon om og vurderingar av dei selskapa fylkeskommunen har eigardelar i. Eigarstrategien vert lagt fram for oppdatering og handsaming kvart år, sist i 2017.

3.1.4 Vurdering

Fylkeskommunen har gjennomført tiltak for opplæring i eigarskap for folkevalte og tilsette i samsvar med eigarskapsmeldinga.

Fylkeskommunen sine årsrapportar har ikkje omtale av fylkeskommunen sine sentrale eigarskap slik eigarskapsmeldinga legg opp til, men eigarskapsstrategien gir samla informasjon om selskapa, og sikrar såleis årleg oppdatert informasjon om fylkeskommunen sitt eigarskap til dei folkevalde.

3.2 Representasjon – fullmakter og val

3.2.1 Kontrollkriterium

Representasjon i eigarorganet er regulert i selskapslovene, vedtekter/selskapsavtale, eigarskapsmelding og i delegasjonsreglementet. Det er skilnad på reglane om representasjon i eigarorganet for IKS og aksjeselskap. For IKS er kravet at eigarrepresentanten skal veljast av fylkestinget sjølv, og ein kan ikkje møte med annan fullmektig, jf. IKS-lova § 6. For aksjeselskap kan det peikast ut fullmektig, og det skal som hovudregel leggjast fram skriftleg fullmakt i generalforsamling, jf. aksjelova § 5.

Ifølgje delegasjonsreglementet kan fylkesutvalet peike ut fullmektig, og denne mynda kan fylkesutvalet delegere vidare til hovudutval eller fylkesrådmann. I følge eigarmeldinga bør fylkeskommunen vere representert i generalforsamling/representantskap ved fylkesordførar eller annan frå politisk leiing.

Vi har utleidd følgjande kontrollkriterium:

- **Representant/fullmektig til eigarorgan skal veljast/peikast ut i samsvar med gjeldande krav i lover og vedtekter.**
- **Fylkeskommunen skal som hovudregel vere representert i generalforsamling/representantskap ved fylkesordførar eller annan frå politisk leiing.**

3.2.2 Fakta om representasjon

VIGO IKS

Fylkestinget har valt «fylkesrådmannen» som representant til representantskapet i VIGO IKS for perioden 2016-2019, jf. vedtak i sak 66/15. Som vararepresentant er «fylkesopplæringssjefen» valt. Forslaget var fremma av fylkesrådmannen.

I representantskapsmøte i januar og april 2016 møtte fylkesrådmann Evy Anni Evensen, som også vart valt til nestleiar av representantskapet og til valkomiteen i selskapet. I september 2016 og april 2017 møtte vararepresentant fylkesopplæringssjef Helge Galdal. I september 2017 møtte fylkesrådmannen.

Kragerø fjordbåtselskap IKS

Fylkestinget har valt tre politikarar som fylkeskommunen sine representantar i representantskapet, jf. sak 73/15: fylkesordførar Sven Tore Løkslid (leiar), Torleif Fluer Vikre (varamedlem i klagenemnda) og Lise Wiik (fylkesutvalet). Som vararepresentantar er Hans Edvard Askjer (varafylkesordførar), Gunn Marit Helgesen (fylkestinget) og Birger Hovden (fylkestinget, fylkesutvalet og samferdselsutvalet) valt. Forslaget var fremma av representanten Tone Elisabeth Berge Hansen (valkomiteen i fylkeskommunen).

Leiar for representantskapet er valt av fylkeskommunen, jf. selskapsavtalen § 8.

I representantskapet i mai 2017 møtte Løkslid, Vikre og Wiik, og i desember 2016 møtte Løkslid og Vikre og Askjer som vara for Wiik.

I representantskapet i september, april og mars 2016 møtte Løkslid og Vikre. Ingen vara møtte for Wiik.

Telemark og Vestfold regionteater AS

I delegasjonsreglementet pkt. 5.1. delegerer fylkestinget mynde til å oppnemne fylkeskommunen sin representant i generalforsamlingar til fylkesutvalet. Fylkesutvalet kan delegere vidare til fylkesrådmann eller hovudutval. Ifølgje delegasjonsreglementet

kan fylkesordførar også oppnemne slike representantar dersom det hastar, og skal i så fall orientere fylkesutvalet om oppnemninga.

Administrasjonen opplyser at det ligg som ei fast ordning i eigarskapsmeldinga at fylkesordførar har fullmakt til å representere fylkeskommunen i formelle eigarmøte. Dersom han ikkje har høve til å møte, gir han skriftleg fullmakt til den politikaren som møter.

Innkallinga til generalforsamlinga i 2016 vart handsama av fylkestinget i sak 63/16. Innkallinga til generalforsamlinga i 2017 vart handsama av fylkestinget i sak 68/17. Det går ikkje fram av sakene kven som får fullmakt til å møte i generalforsamling som fullmektig for fylkeskommunen.

I generalforsamling våren 2016 har fylkesordførar møtt, og våren 2017 møtte Tone Berge Hansen med fullmakt frå fylkesordførar. Vi finn ikkje protokollført at fylkesutvalet er orientert om oppnemninga.

Konsesjonskraftstyret i Telemark (§ 27)

Konsesjonskraftstyret i Telemark (Konsesjonskraft) er registrert i føretaksregisteret med eige organisasjonsnummer, som «anna rettssubjekt». Grunnlaget for Konsesjonskraft er ein avtale mellom fylkeskommunen og åtte kommunar i Telemark, signert 09.12.2009. Ifølgje fylkeskommunen er Konsesjonskraft eit sjølvstendig rettssubjekt etter kommunelova § 27. For § 27-selskap kan eigarrepresentasjon vere regulert i vedtektene. Det går ikkje fram av avtala at Konsesjonskraft skal vere eige rettssubjekt, kva organisasjonsform selskapet har, og eventuelt kva ansvarsdel/eigardel deltakarane har. Vi legg til grunn for våre vurderingar her at Konsesjonskraft er eit sjølvstendig rettssubjekt i form av eit § 27-selskap.

Ifølgje samarbeidsavtalen/vedtektene har Konsesjonskraft eit årsmøte som øvste organ (eigarorgan). Årsmøtet skal vere kontrollorgan og samarbeidsorgan for eigarane av selskapet, jf. avtalen pkt. 5.3. Årsmøtet skal vere samansett av ordførarane i dei åtte kommunane og fylkesordførar. Kvar av kommunane kan møte med to representantar.

På årsmøtet i 2016 møtte fylkesordførar for Telemark fylkeskommune. I 2017 har fylkesordførar og fylkesrådmann møtt.

Innkallinga til årsmøtet i 2016 vart handsama av fylkestinget 27.04.16 i sak 26/16. Det går fram av vedtaket at fylkesordførar er fylkeskommunen sin representant på årsmøtet.

Innkalling til årsmøte i 2017 er ikkje handsama av fylkestinget eller fylkesutvalet. Vi har ikkje sett dokumentasjon av oppnemninga av fylkesrådmann som representant nr. 2 for fylkeskommunen på årsmøtet i 2017.

3.2.3 Vurdering av representasjon

IKS – VIGO og Kragerø Fjordbåtselskap

Representantar og vararepresentantar til dei interkommunale selskapa er valt av fylkestinget, i samsvar med IKS-lova. Det er dei som er valde som har møtt i representantskapet i perioden.

For VIGO IKS er fylkeskommunen sine valde representantar oppgitt berre med stillingsfunksjon i protokollen frå fylkestinget. Valet til representantskapet er eit personleg val. Kven som er valt bør såleis nemnast med namn, og ikkje berre med funksjon.

Til VIGO IKS har fylkeskommunen valt administrativt tilsette i fylkeskommunen som eigarrepresentantar. I tilrådingane frå KS og føringane i eigarskapsmeldinga står det at eigar (fylkestinget) som hovudregel skal/bør velje leiande politikarar til eigarorganet. I tilrådinga frå KS står det at det ikkje er noko i vegen for at administrasjonen sit i eigarorganet dersom formålet med selskapet er reine driftsoppgåver. Vi legg til grunn at dette er bakgrunnen for administrativ tilsett som eigarrepresentant, sjølv om det ikkje går fram av saksframlegget om val av representant til representantskapet i VIGO IKS.

AS - Telemark og Vestfold regionteater AS

Ifølgje eigarskapsmeldinga skal fylkesordførar som hovudregel peikast ut til å representere fylkeskommunen i eigarorganet. Representasjonen på generalforsamlingane har vore i samsvar med denne føringa.

I følgje delegasjonsreglementet har fylkestinget eller fylkesutvalet mynde til å peike ut fullmektig til å møte i generalforsamling i aksjeselskap. I praksis har fylkesordførar møtt, ofte utan at mynde til dette er særskilt vedtatt i fylkesting eller fylkesutval. Vi har fått opplyst at dette ligg som ei fast ordning etter eigarskapsmeldinga. Etter vår

vurdering er det dårleg samsvar mellom denne ordninga og formuleringa i delegasjonsreglementet, då det meir formelle delegasjonsreglementet legg opp til at fylkestinget/fylkesutvalet skal peike ut den som skal møte. Eigarskapsmeldinga har form av å vere retningsliner for kven ein skal peike ut. Det vil vere klargjerande om delegasjonsreglementet viser at ordførar har generell fullmakt til å møte i generalforsamlingar.

§ 27 - Konesjonskraftstyret

I årsmøtet kan fylkeskommunen møte med to representantar; fylkesordførar og ein til. Vi har ikkje dokumentasjon av at ekstra-representanten frå fylkeskommunen i 2017 er oppnemnd i samsvar med eigarmeldinga og delegasjonsreglementet. Bortsett frå det, har representasjonen på årsmøtet vore i samsvar med vedtektene.

Vi har elles nokre merknader til reguleringa av representasjonen i eigarorganet og styresamansetjinga for Konesjonskraftstyret. Ifølgje vedtektene skal fylkeskommunen ha fylkesordførar som representant både i styret og i årsmøtet. Dette kan vere ei uheldig ordning av to årsaker:

- Vedtektene føreskriv ei ordning som fører til inhabilitet i årsmøtet og i fylkeskommunen etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Inhabilitetsregelen kom i 2011. Regelen verkar slik at personar som sit i styret for eit sjølvstendig rettssubjekt etter kommunelova § 27, vil bli inhabile i stilling eller verv for fylkeskommunen når fylkeskommunen handsamar ei sak der selskapet er part.² Den som sit i styret for Konesjonskraftstyret blir såleis inhabil til å førebu og handsame saker for fylkeskommunen og til å representere fylkeskommunen i årsmøtet (eigarorganet).
- Årsmøtet skal mellom anna vere kontrollorgan for eigarane, jf. vedtektene. Gjennomgåande representasjon i styret og årsmøtet har nok sine fordelar, men det kan føre til at årsmøtet sin kontrollfunksjon i høve til styret blir svekka.

² Habilitet i kommuner og fylkeskommuner (Kommunal og regionaldepartementet, veileder)

3.3 Eigarrepresentanten - mandat - politisk handsaming - habilitet

3.3.1 Kontrollkriterium

Ifølgje eigarskapsmeldinga bør årsmøtedokument som hovudregel vere handsama av fylkestinget eller fylkesutvalet før møte i eigarorganet.

For å få til dette er fylkeskommunen avhengig av å få innkallingar og sakspapir i god nok tid før møtet i eigarorganet. Innkallingsfrist for IKS er i følgje IKS-lova 4 veke, for aksjeselskap er det 1 veke, med mindre lenger frist er sett i vedtektene.

Fylkeskommunen si eigarskapsmelding har ikkje omtale av innkallingsfristar for selskapa. KS rår til at ein vedtektsfestar lenger innkallingsfrist for aksjeselskap, slik at eigar får høve til å handsame innkallingane før møte i eigarorganet.

Den som sit i styret i eit selskap blir inhabil til å handsame saker for fylkeskommunen der selskapet er part, jf. kommunelova § 40 nr. 3, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e). Avgjerd om habilitet/inhabilitet i fokevalde organ skal protokollførast, jf. kommunelova § 30 nr. 4.

Vi har utleidd følgjande kontrollkriterium:

- **Årsmøtedokument til kvart selskap bør som hovudregel vere handsama av fylkestinget eller fylkesutvalet, før møte i eigarorganet.**
- **Eigar bør forsikre seg om at selskapa kallar inn til møte i eigarorgan med føremålstenleg frist og i samsvar med gjeldande krav.**
- **Fylkeskommunen bør ha tiltak som sikrar at habilitet blir vurdert og handtert i eigarsaker.**

3.3.2 Fakta om handsaming av representanten sitt mandat

På våren har selskapa forskjellige fristar for handsaming av årsrekneskap i eigarorganet, avhengig av selskapsform. For IKS er fristen for representantskapet å fastsetje årsrekneskapen innan utgangen av april, og for AS og sjølvstendige § 27-selskap skal rekneskapen vere handsama i generalforsamling innan 30. juni.³ Desse fristane er styrande for møtedato i representantskap/generalforsamling, som gjerne er i april for IKS og i juni for AS.

Arbeidet med å sikre politisk handsaming av årsmøtedokument for selskapa er omtala i den interne rutinen for saksansvarleg i fylkeskommunen. Her går det fram at fylkestinget normalt skal ha

³ Jf. aksjelova § 5-5 og IKS-lova § 27, jf. forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper § 4.

- vedtektsendringar,
- val,
- generalforsamling/årsmøte, og
- saker om tilskot dersom selskapet får tilskot frå fylkeskommunen.

Saksansvarleg skal mellom anna orientere selskapet om fylkestinget sin møtekalender og skrivefristar for saker så fort møtekalenderen er vedtatt. Vidare står det i rutinen at saksansvarleg skal informere dagleg leiar i selskapa om at møte i eigarorgan skal leggst slik at fylkeskommunen kan sikre politisk handsaming, og skal fremme sak for fylkestinget. Administrasjonen opplyser at ein vil innføre ein praksis med å sende eit felles brev til alle selskapa med informasjon om møteplan og når ein ynskjer innkalling og saksdokument.

Fylkestinget hadde følgjande møteplan i 2016 og 2017:

	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des
2016				27		7/29				19		7
2017				25	23	6				24	23	6

Fylkesutvalet har møte mellom anna tidlegare i april, i byrjinga av juni og i august.

Vigo IKS

Det har vore fem møte i representantskapet for Vigo IKS i 2016 og 2017. Innkallingane er ikkje datert. Dagleg leiar opplyser at representantskapet legg ein møteplan for neste år i septembermøtet. Dagleg leiar kallar inn representantane ca. 2-3 månader før møtedagen. Møteinncalling blir sendt ut via Outlook. Sakliste og saksdokument blir lagt ut på passordbeskytta område www.vigoiks.no ca. 7 -10 dagar før møtet.

Møtedato representantskapet	Saksdokumenter til representantskapet
7. april 2016	21. mars
15. september 2016	7. september
6. april 2017	25. mars
14. september 2017	6. september

Det blir ført protokoll frå representantskapsmøta, omtala som referat. Referata blir godkjende i neste representantskapsmøte, men blir ikkje signert av to representantar, slik IKS-lova krev.

Ingen av årsmøtedokumenta/innkallingane til representantskapet i Vigo IKS har vore handsama i fylkestinget eller fylkesutvalet i 2016 og 2017.

Kragerø fjordbåtselskap IKS

Innkalling til representantskapsmøte i IKS skal vere sendt seinast fire veker før møtet, og skal innehalde sakliste, jf. IKS-lova § 8. Møte skal vere avvikla innan utgangen av april. Innkalling skal sendast både til representant og til deltakar (fylkeskommune/kommune). Selskapsavtalen for Kragerø Fjordbåtselskap IKS krev at det skal kallast inn til representantskapsmøte innan utgangen av april, med fire vekers frist. I høyringa opplyser dagleg leiar følgjande:

Her kan det være en misforståelse i teksten, da dette er blitt oppfattet som at innkallingen skal være innen utgangen av april og ikke selve møtet.

I representantskapsmøtet skal budsjettføresetnader, -rammer og økonomiplan vedtakast. Ifølgje selskapsavtalen kan det kallast inn til ekstraordinært representantskapsmøte med to vekers frist.

Vi har sett innkallingane til seks representantskapsmøte, fire i 2016, eit i 2017 og eit i 2018⁴.

Innkallingsdato	Møtedato	Sakliste med innkallinga	Handsama i fylkesting eller fylkesutval før møte
23.02.16 (ekstra)	16.03.16	Ja	Nei
30.03.16 (ord)	26.04.16	Ja	Nei
12.08.16 (ekstra)	12.09.16	Ja	Nei
04.11.16 (ekstra)	02.12.16	Nei	Nei
05.04.17 (ord)	16.05.17	Ja	Nei
30.04.18 (ord)	12.06.18	Ja	Ja

⁴ 2018 fell egentleg utanfor den undersøkte perioden, og er ikkje med for dei andre selskapa. Representantskapsmøtet i 2018 er med her fordi det kom avklaringar mellom eigar og selskap og endringar i rutineane frå 2018.

Innkallingane sendt med meir enn fire vekers frist for alle, unntatt for møte 16.03.16. Sakliste låg ved innkallinga for alle møta unntatt eitt. Ordinært representantskapsmøte i 2017 og 2018 var ikkje gjennomført innan utgangen av april.

Innkallingane før 2018 er etter det vi kjenner til ikkje sendt til deltakar (fylkeskommunen), men er sendt direkte til representantane.

Innkallingane representantskapsmøta i september og desember 2016 har ikkje vore til handsaming i fylkestinget eller fylkesutvalet, verken før eller etter møte. Fylkesutvalet og fylkestinget har handsama andre saker om Kragerø fjordbåtselskap i 2016. På fylkestingsmøte 07.06.16 vart fylkestinget orientert om protokollane frå representantskapsmøta i 2014, 2015 og mars og april 2016, jf. sak 65/16. Fylkesutvalet vedtok å utgreie spørsmål om fusjon mellom Kragerø fjordbåtselskap og Brevik ferjeselskap i august 2016, og fylkestinget handsama sak om driftstilskott til Kragerø fjordbåtselskap IKS for 2017 i møte 07.12.16, jf. sak 101/16.

Innkalling til representantskapsmøte i mai 2017 vart ikkje handsama av fylkestinget eller av fylkesutvalet, som begge hadde møte 25.04.17. Fylkestinget handsama sak om driftstilskott for 2018 i desember 2017. Det var ikkje referanse til representantskapet sitt budsjettvedtak frå mai i saka om tilskott.

Det har vore ueinigheit og ein del kommunikasjon mellom fylkeskommunen sin administrasjon og selskapet v/styret om innkallingar til representantskapsmøte og om informasjon om selskapet til eigar. Vi har forstått det slik at mykje av det som har vore uklart no er avklara, mellom anna gjennom eit møte mellom fylkeskommunen og selskapet 23. mars 2018, og ved eit møte mellom fylkeskommunen og Kragerø kommune 16. april 2018. Fleire tiltak og fristar for gjennomføring går fram av referat. Referat frå møta er lagt fram for fylkestinget 5. juni 2018 i sak 61/18. Vi har ikkje undersøkt om det som går fram av referata er følgt opp.

Telemark og Vestfold regionteater AS

Innkalling til generalforsamling i aksjeselskap skal vere sendt seinast ei veke før generalforsamlinga, med mindre anna frist er sett i vedtektene, jf. aksjelova § 5-10 nr. 2. Innkallinga skal innehalde sakliste. Selskapet sine vedtekter har ikkje reglar om anna innkallingsfrist.

Innkallingane til generalforsamling er sendt med 6 vekers frist i 2016 og 7 vekers frist i 2017.

Fylkestinget har handsama innkallingane til generalforsamling i 2016 og 2017 i sakene 63/16 og 68/17. Innkallinga for 2016 er ordinær, utan andre saker på dagsorden. Fylkestinget sitt vedtak i 2016 handlar om kva kandidatar fylkestinget vil fremme til styret. Innkallinga for 2017 har ordinære saker, i tillegg til endring av vedtektene. Vedtaket i 2017 er at fylkeskommunen sin representant i generalforsamlinga vil fremje standpunktet til fleirtalet i fylkestinget. Det går ikkje fram av fylkestingets vedtak kva dette standpunktet er, til dømes når det gjeld endring av vedtektene.

Konsesjonskraftstyret

Innkalling til årsmøte i Konsesjonskraftstyret skal skje skriftleg med 14 dagars varsel, jf. avtala pkt. 5.2. Utkast til innkalling til årsmøtet i 2016 vart handsama av fylkestinget 27.04.16 i sak 26/16. I tillegg til ordinære årsmøtesaker, stod sak om ny energimelding og strategi for Konsesjonskraftstyret på dagsorden. Fylkestinget vedtok at fylkeskommunen sin valte representant i årsmøtet, fylkesordførar, vil fremje standpunkta frå fleirtalet i fylkestinget. Det går ikkje fram av vedtaket om det var fremja særskilte standpunkt, og kva desse standpunkta eventuelt er.

Innkalling til årsmøtet i 2017 er ikkje handsama av fylkestinget eller fylkesutvalet.

Merknad frå fylkesordførar

I e-post 18.09.18 seier fylkesordførar at han ikkje opplever det som uklart kva mandat eigarrepresentantane har med deg inn i ulike eigarmøte. Han opplever at dette også er klart for fylkestinget. Dersom det ikkje kjem kommentarar frå fylkestinget i handsaminga av innkallingane, er tolkinga at fylkestinget sluttar seg til styret si innstilling på sakene i generalforsamling/representantskap. Dersom fylkestinget meiner noko, blir det protokollført enten som signal eller som føring for eigarrepresentanten i generalforsamling/representantskap.

3.3.3 Vurdering av handsaming av representanten sitt mandat

Fylkeskommunen har ikkje sikra godt nok i praksis at utøvinga av eigarskap speglar fylkestinget si fleirtalsavgjerd. Årsmøtedokument for dei selskapa vi har sett på er i liten grad handsama av fylkestinget eller fylkesutvalet, før møte i eigarorganet. Berre for Telemark og Vestfold regionteater AS er innkallingane handsama politisk i fylkeskommunen både i 2016 og 2017. I dei sakene som er handsama, går det ikkje fram av protokollen/vedtaket kva som er fylkestinget si fleirtalsavgjerd, bortsett frå i sakene om val av styre.

Selskapa må minimum sende innkallingar og saksdokument til fylkeskommunen i samsvar med gjeldande fristar og krav i lov eller vedtekter. Innkalling til representantskapsmøte i IKS skal vere sendt seinast fire veker før møtet, og skal innehalde sakliste, jf. IKS-lova § 8. Innkalling skal sendast til representant og til deltakar (fylkeskommune/kommune). Formålet med innkallingsfristen er å legge til rette for forsvarleg og demokratisk handsaming i deltakarkommunen. VIGO IKS har ikkje sendt alle innkallingar med lovpålagt frist og innhald, og Kragerø Fjordbåtselskap IKS har før 2018 ikkje sendt innkallingane til fylkeskommunen (deltakar i selskapet), berre til representantane direkte.

Fylkeskommunen har sett i verk enkelte tiltak for å sikre ynskt sakshandsaming, til dømes interne rutinar som skal sikre at selskapa får god informasjon om møtedatoar og skrivefristar for politiske saker. Dei tiltaka som fylkeskommunen har sett i verk er ikkje bindande for selskapa. Dersom ein vil binde selskapa, må til dømes tidspunkt for møte i eigarorganet og forlenga frist for innkalling takast inn i vedtektene/selskapsavtalen.

Lange innkallingsfristar kan gi betre høve til politisk handsaming av dei aktuelle sakene. KS tilrår difor at ein regulerer forlenga innkallingsfrist for generalforsamling i aksjeselskap i vedtektene, jf. tilråding nr. 8. Vi legg grunn at tilsvarande tilråding gjeld også for § 27-selskap. Fylkeskommunen har ikkje tatt opp spørsmålet om å fastsette forlenga innkallingsfristar for aksjeselskapa og for Konesjonskraftstyret gjennom eigarskapsmeldinga og vedtektene.

3.3.4 Fakta om tiltak for å sikre habilitet

Fylkeskommunen har ikkje hatt særskilt rutine for å omtale habilitetsspørsmål i saksframlegga om eigarsaker. Administrasjonen opplyser at ein vil legge eit punkt om habilitet inn i malen for saksframlegg i eigarsaker.

Eit døme på at spørsmål om habilitet ikkje er handsama, er sak 26/16 om årsmøte i Konesjonskraftstyret. Saka vart lagt fram for fylkestinget av fylkesrådmann. Fylkesordførar og fylkesrådmann er styremedlemar i Konesjonskraftstyret, jf. vedtektene pkt. 3.4.7, og vil såleis vere inhabile i saker der selskapet er part, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e). Det går ikkje fram av saksframlegget eller protokollen frå fylkestinget at habiliteten til fylkesordførar og fylkesrådmann er vurdert i saka.

3.3.5 Vurdering av tiltak for å sikre habilitet

Etter vår vurdering har ikkje fylkeskommunen hatt gode nok tiltak for å sikre at habiliteten for tilsette og folkevalde med styreverv blir vurdert og handtert i eigarsaker. Ved å ta dette inn i malen for saksframlegg vil ein legge betre til rette for å sikre at habilitetsspørsmål blir handterte i samsvar med gjeldande reglar.

4 Samordning med andre eigarar

Har fylkeskommunen tiltak for å samordne sine føringar for selskapa med andre eigarar?

4.1 Kontrollkriterium

Dei fleste selskapa som fylkeskommunen eig, er i eige saman med andre fylkeskommunar eller kommunar. Vi undersøker difor i kva grad fylkeskommunen har gjort tiltak for å sikre at føringar som ein vil at selskapet skal rette seg etter, er samordna med forventningar frå andre eigarar.

KS tilrår at ein utarbeider ei felles eigarskapsmelding for felles eigarskap. Ei slik eigarskapsmelding vil sikre felles føringar frå eigarane der det er mogleg, jf. tilråding nr. 4. KS tilrår vidare at ein gjennomfører uformelle eigarmøte regelmessig, jf. tilråding nr. 6, for å sikre god samhandling mellom eigarar og selskap. Vi har utleidd følgjande kontrollkriterium:

- **Fylkeskommunen bør vurdere felles/samordna eigarskapsmelding der det er mogleg.**
- **Det bør vere regelmessige eigarmøte med uformell diskusjon for å bidra til god eigarstyring og kommunikasjon med selskapet.**
- **Føringar og forventningar frå fylkeskommunen til selskapet bør vere samordna med andre eigarar gjennom vedtekter, vedtak i eigarorgan eller på annan måte.**

4.1.1 Fakta om tiltak for samordning med andre eigarar

I eigarskapsmeldinga til fylkeskommunen går det fram at det bør arrangerast regelmessige eigarmøte med uformell diskusjon, og at frekvens og innhald bør tilpassast det enkelte selskap. Vidare står det at fylkesordførar eller annan utpeika frå politisk leiing skal møte i formelle og uformelle eigarmøte. Ut over dette har ikkje eigarskapsmeldinga generell omtale av behov for eller tiltak for samordning med andre eigarar.

Det er ikkje utarbeida felles eigarmeldingar for dei selskapa vi har sett på. Tiltak for samordning med andre eigarar er ikkje omtala i fylkeskommunen sin eigarskapsstrategi for dei selskapa vi har sett på.

I fylkeskommunen sine administrative rutinar går det fram at saksansvarleg skal informere dagleg leiar om at møte i eigarorgan (generalforsamlingar, representantskapsmøte, årsmøte) skal leggast til tidspunkt som gjer at fylkeskommunen kan sikre politisk handsaming. Dette er ikkje regulert i vedtektene/selskapsavtalen til dei selskapa vi har sett på.

I eigarskapsmeldinga omtalar fylkeskommunen samansetjing av selskapsstyre og val av styremedlemmer. Når det gjeld valprosess, går det fram av eigarmeldinga at *... fylkesordførar (bør) sammenkalle gruppeleiderne for å vurdere den samlede kompetansen til de styremedlemmer som ønskes valgt inn i de enkelte styrer. Dette arbeidet bør utføres i fylkeskommunens valgnemnd.*

Eigarskapsmeldinga gir også føringar for talet på styremedlemmer (3-5) og kva samla kompetanse styra bør ha, men det er ikkje omtale av korleis valprosessen kan samordnast med andre eigarar slik at ein kan ivareta denne målsetjinga.

4.1.2 Fakta om uformelle eigarmøte

Det har ikkje vore uformelle eigarmøte i Konesjonskraftstyret i den perioden vi har undersøkt.

VIGO IKS

Representantskapet og styret i VIGO IKS opplyser at dagleg leiar i selskapet har møte med fylkesrådmannskollegiet, utdanningssjefskollegiet, IT-sjefskollegiet og arkivleiarar i fylkeskommunane.⁵ Det er mellom eit og fem møte i året, og tema for møta har vore gjennomføringa av selskapet sine prosjekt. Det blir ikkje treft avgjerder i desse møta. Alle avgjerder blir tatt i representantskapet og styret sine møte. Det har ikkje vore møte med politisk valde representantar for eigarane.

Kragerø Fjordbåtselskap

Det er ikkje rutine for å ha uformelle eigarmøte. Administrasjonen i fylkeskommunen opplyser at det har vore nokre uformelle eigarmøte mellom fylkeskommunen, Kragerø kommune og selskapet. I mai 2016 blei det til dømes gjennomført eit møte mellom administrasjon, Kragerø kommune og selskapet etter initiativ frå fylkeskommunen. På møte blei rutinar for utøving av eigarskap drøfta. Det skal også ha vore gjennomført eit møte i september 2016 mellom Kragerø kommune og fylkesordførar kor dei drøfta

⁵ Innhenta av Oslo kommunerevisjon i 2017/2018.

fylkesutvalet sitt vedtak om tettare samarbeid mellom fergeselskapa i sak 87/16 Eierskap – budsjettinnspill, men vi manglar dokumentasjon som viser at møtet vart gjennomført.

I desember 2017 inviterte fylkeskommunen til møte med Kragerø kommune og ferjeselskapa v/dagleg leiar og styreleiarar. Begge ferjeselskapa melde avbod. Det vart halde eit anna planlagt møte mellom Kragerø kommune og Telemark fylkeskommune v/ administrasjonane. Tema for møtet var utfordringar og særpreg innan samferdsel i samband med kommuneavtala mellom Kragerø og fylkeskommunen.

Eigarrepresentantar i selskapet var ikkje til stades. I dette møtet kom ein til at det skal utarbeidast ei felles eigarmelding for Kragerø Fjordbåtselskap IKS. Fylkeskommunen skal ta initiativ til det. Det vart ikkje sett frist for arbeidet. Dette arbeidet har ikkje starta.

I mars 2018 var det eit møte mellom administrasjonen i fylkeskommunen og dei daglege leiarane og styreleiarane i Kragerø fjordbåtselskap IKS og Brevik ferjeselskap IKS. I møtet vart ein enige om fleire rutinar mellom eigar og selskap. Det var også eit møte i april på politisk nivå mellom eigarar og selskap knytt til utgreiing av fusjon mellom ferjeselskapa.

Telemark og Vestfold regionteater AS

I Telemark og Vestfold regionteater AS har eigarmøtet og styret våren 2017 bestemt at ein skal halde to uformelle eigarmøte per år. Det er gjennomført tre slike møte i 2017. Møta har vore mellom representantar for alle eigarane, styret og dagleg leiar i selskapet. Tema har vore Kulturdepartementet si evaluering av teateret og førebuing til møte med departementet, endring av vedtektene for selskapet og økonomi og kunstarisk program.

4.1.3 Vurdering av samordning med andre eigarar og uformelle eigarmøte

Fylkeskommunen har ikkje gjort overordna tiltak for å sikre samordning av eigarskapsprinsipp med andre eigarar, til dømes felles eigarskapsmelding eller andre retningsliner for samordning av eigarstyring.

I eit av selskapa er det vedtatt rutinar for regelmessige uformelle eigarmøte. Det har vore uformelle eigarmøte etter behov for to av dei andre av selskapa.

Vi ser at fylkeskommunen har fastsett føringar og retningsliner for selskapa i eigarmeldinga. Nokre av desse føringane bør kome frå eigarane samla, og må vere

formalisert i vedtekter eller vedtak i eigarorganet for å binde selskapet. Det gjeld til dømes rutinar og forventningar rundt tidspunkt møte og for og innkalling til representantskapsmøte, føringar for styresamansetjing og valprosess/valkomité.

5 Styre i selskap – evaluering, valprosessar, samansetjing

I kva grad er lovkrav og retningsliner gjennomført når det gjeld val av styremedlemmer, styresamansetjing og styreevaluering?

5.1 Eigenevaluering og omtale av styring og leiing i årsmeldinga

5.1.1 Kontrollkriterium – eigenevaluering og omtale i årsmelding

Det går fram av fylkeskommunen si eigarskapsmelding at styra i selskapa bør vurdere ei årleg eigenevaluering av kompetanse og internt arbeid i styret.

Eigarskapsmeldinga gir også føringar for at selskapa skal utarbeide styreinstruks. For aksjeselskap med representantar for tilsette i styret er det lovpålagt med slik instruks, jf. aksjelova § 6-23. Etter aksjelova skal ein styreinstruks innehalde nærare reglar om styret sitt arbeid og sakshandsaming: kva slags saker som skal handsamast av styret, kva arbeidsoppgåver og plikter dagleg leiar har overfor styret, og reglar for innkalling og møtehandsaming.

Vidare går det fram at selskapa skal omtale styring og leiing av selskapet i årsmeldinga. I følgje Norsk anbefaling Eierskap og selskapsledelse (NUES)⁶ skal ein slik omtale ha eit omfattande innhald: ein skal omtale alle punkt i tilrådinga, og grunngi avvik. I fylkeskommunen si eigarskapsmelding er det ikkje gitt nærare føringar for kva denne omtalen skal innehalde og kor omfattande den skal vere. Aktuelle tema i ein slik omtale, kan til dømes vere korleis selskapet arbeider for å ivareta eventuelle føringar frå eigar knytt til etikk, habilitet og samfunnsansvar, og korleis leiinga i selskapet arbeider med internkontroll og tiltak for å møte identifisert risiko for selskapet.

På dette grunnlaget har vi utleidd følgjande kontrollkriterium:

- **Styret skal vurdere å ha årlege eigenevalueringar av arbeid i styret og kompetansebehov**
- **Styret bør utarbeide styreinstruks**
- **Styret skal gjere greie for leiing og styring av selskapet i årsmeldinga**

⁶ Anbefaling om eierstyring og selskapsledelse utarbeidet av Norsk utvalg for eierstyring og selskapsledelse (NUES) www.nues.no (Aksjonærforeningen, Revisorforeningen, Finans Norge, NHO, Oslo Børs m.fl.)

5.1.2 Fakta om eigenevaluering, styreinstruks og omtale i årsmeldinga

VIGO IKS

Styret i VIGO IKS har gjort evaluering av styret sitt arbeid og kompetansebehov.

Selskapet har styreinstruks og instruks for dagleg leiar.

I årsmeldinga for 2017 er det gjort greie for korleis selskapet er organisert, og det gjort kort greie for styret sitt arbeid – talet på styremøte og viktige saker som styret har handsama. Det går fram at styret har hatt fokus på roller, habilitet, evaluering m.m.

Kragerø Fjordbåtselskap IKS

Styreprotokollen viser at det var gjennomført styreevaluering i 2016 og at neste evaluering skal vere i 2018.

Styret har ikkje fastsett styreinstruks. Representantskapet vedtok ein instruks for styret i sak 10/2013. Den instruksen handlar om at tenester knytt til økonomi, rekneskap og revisjon skal kjøpast i samsvar med gjeldande anskaffingsreglar.

I årsmeldingane om 2015 og 2016 går det fram at samarbeidet mellom dagleg leiar og styret er godt. Ut over det er ikkje leiing og styring av selskapet omtalt særskilt.

Telemark og Vestfold regionteater AS

Styret har ikkje gjort evaluering av verksemda i styret og styret sitt kompetansebehov. Styremedlemmene har deltatt på kurs i god styreskikk i 2017.

Telemark og Vestfold regionteater AS har styremedlemmer som er valde av og blant dei tilsette i selskapet. I følgje aksjelova skal styret i slike tilfelle fastsette instruks for styret si sakshandsaming og arbeid, og for dagleg leiar sine oppgåver og plikter, jf. aksjelova § 6-23. Styret har fastsett slik instruks, dagsett 2. januar 2018.

I årsmeldinga for 2016 går det fram at selskapet arbeider etter ein strategiplan. Ut over det er ikkje leiing og styring av selskapet omtalt særskilt.

Konsesjonskraftstyret

Dagleg leiar i Konsesjonskraftstyret opplyser at det er lite aktuelt å gjere styreevaluering.

Det er ikkje utarbeidd styreinstruks.

I årsmeldinga er det gjort greie for organisering og styret sitt arbeid. Talet på styremøte og kva tema styret får informasjon om, og kva saker styret har vore særskilt opptatt av går fram av årsmeldinga. I årsmeldinga står det også at Konesjonskraftstyret følgjer dei same etiske retningslinene som fylkeskommunen.

5.1.3 Vurdering av eigenevaluering, styreinstruks og omtale i årsmelding

Eigenevaluering

Styra i Vigo IKS og Kragerø fjordbåtselskap IKS har gjennomført eigenevaluering. Dei to andre selskapa i kontrollen har ikkje gjennomført slik evaluering

Styreinstruks

To av dei fire selskapa har utarbeidd styreinstruks i samsvar med føringane i eigarskapsmeldinga: Vestfold og Telemark Regionteater AS har utarbeidd styreinstruks i samsvar med krav i aksjelova § 6-23 og Vigo IKS har også styreinstruks. Kragerø Fjordbåtselskap IKS har tilsettrepresentant i styret, og bør difor vurdere særskilt å fastsetje styreinstruks, sjølv om det ikkje er eit lovkrav for IKS, slik det er for aksjeselskap.

Årsmeldinga – informasjon om leiing og styring

Nokre av selskapa gjer litt greie for selskapet si leiing og styring i årsmeldinga, slik det er gitt føringar for i fylkeskommunen si eigarskapsmelding og slik KS tilrår. Det er ikkje sagt noko om innhaldet i ei slik rapportering, verken i KS sine tilrådingar eller i fylkeskommunen si eigarskapsmelding. Det er difor vanskeleg å vurdere om rapporteringa er i samsvar med fylkeskommunen sine forventningar.

Rekneskapslova § 3-3 og § 3-4 inneheld krav til kva årsmeldingane skal innehalde for små og store selskap. NUES rår til at styret i selskap skal gjere greie for leiing og styring av selskapet, og gjer meir detaljert greie for kva som ligg i ei slik tilråding. Tilrådinga frå NUES gjeld i utgangspunktet for børsnoterte selskap, og rapporteringskravet her er svært omfattande. Dei selskapa som fylkeskommunen er medeigar i, er forskjellige både i størrelse og verksemd. Det vil truleg vere ein fordel om fylkeskommunen vurderer nærare kva ein ynskjer av slik omtale i årsmeldingane, og at ein eventuelt presiserer dette i eigarskapsmeldinga.

5.2 Valkomit  og val

5.2.1 Kontrollkriterium – val av styre - valkomit 

Val av styre i selskap er ei av dei viktigaste oppg vene til eigarane. Kontrollkriteria her bygger p  lovkrav og eventuelle krav i vedtekter/selskapsavtale, tilr dingar fr  KS og fylkeskommunen si eigarskapsmelding.

Det er eigarorganet som vel styre; generalforsamlinga i aksjeselskap og representantskapet i IKS. KS tilr r at ein vedtektsfestar bruk av valkomit  i det enkelte selskap (tilr ding nr. 10). Eigarorganet kan gi retningsliner for korleis valkomiteen skal arbeide for   sikre medverknad fr  eigarane i styrevalet og ei rekruttering til styret som tek omsyn til selskapet sitt behov. I selskap med fleire eigarar, b r valkomiteen setjast saman slik at den reflekterer eigardelane. KS tilr r vidare at valkomiteen sitt forslag blir grunngitt.

Fylkestinget har ikkje gitt f ringar om at selskapa skal ha egne valkomitear. Eigarskapsmeldinga legg i staden oppg ver knytt til styrevalprosessen til fylkeskommunen sin politiske valkomit . I og med at fylkeskommunen eig alle sine selskap saman med andre, og at samansetjinga av styret b r vurderast samla, bygger vi kontrollkriteria v re p  KS sine tilr dingar om valkomit .

Vedtektene/selskapsavtalen kan regulere kor mange styremedlemmer ein skal ha (minst tre i IKS, minst eitt i AS), valperioden (maks. fire  r i IKS) og om styret skal konstituere seg sj lv. Varaordning er ogs  gjerne regulert i vedtekter/selskapsavtale. KS-tilr ding nr. 14 er at ein b r ha numerisk vara til styret, slik at ein sikrar kontinuitet. I fylkeskommunen si eigarmelding er det ei f ring for at ein ikkje b r ha meir enn 3-5 medlemar i eit styre, men det er ikkje gitt f ringar for vara-ordning.

P  denne bakgrunnen har vi utleidd f lgjande kontrollkriterium:

- **Styret skal vere valt av eigarorganet.**
- **Selskapa b r ha valkomit .**
- **Styreval b r bygge p  skriftleg tilr ding fr  selskapet sin valkomit .**
- **Valkomiteen b r i sitt arbeid ta omsyn til styreevalueringar.**

5.2.2 Fakta om val av styre – valkomit 

VIGO IKS

Styret er valt av representantskapet. Valkomit  har ikkje vore regulert i selskapsavtalen, men selskapet har likevel valkomit . Valkomite er tatt inn i   5 i ny

selskapsavtale. Valkomiteen er sett saman av representantar frå representantskapet. Det er ikkje gitt retningsliner for korleis valkomiteen skal arbeide. Representantskapet har opplyst at styret skal ha ei fordeling av medlemmer frå kvar av dei tre regionane, aust, vest og nord, og at ønska kompetanse i styret skal dekke IT, juridisk, innkjøp, fylkesrådmanns- og utdanningskompetanse.

Representantskapet valde i april 2016 to nye styremedlemmer og varamedlemmer, i samsvar med skriftleg innstilling frå valkomiteen.

I april 2017 gjenvalde representantskapet styreleiar, nestleiar, eit styremedlem og eit varamedlem, og eit nytt varamedlem i samsvar med skriftleg innstilling frå valkomiteen.

Vi har ikkje informasjon om at styreevalueringa ligg til grunn for valkomiteen sitt arbeid.

Kragerø fjordbåtselskap IKS

Det er fastsett i selskapsavtalen § 11 at Kragerø Fjordbåtselskape IKS skal ha valnemnd. Representantskapet valde valnemnd 12.09.16.

Representantskapet valde ny styreleiar og to nye representantar til styret i september 2016, etter forslag frå valnemnda, jf. representantskapssak 11/16. Det er gjort ei styreevaluering i 2016, men vi har ikkje kjennskap til om evalueringa vart nytta i valkomiteen sitt arbeid.

Telemark og Vestfold regionteater AS

Noverande styre i Telemark og Vestfold regionteater AS er sett saman slik at kvar eigar har foreslått to medlemmer og ein varamedlem kvar til styret. Generalforsamlinga har valt dei medlemmene som kvar eigar har foreslått. Dagleg leiar opplyser at kvar eigar har valt «sine» styremedlemmer i samsvar med eine eigarstrategiar. Det har ikkje vore høve for selskapet si leiing å kome med innspel om behov for kompetanse i styret denne prosessen.

Vedtektene for Telemark og Vestfold regionteater AS vart endra i 2017 når det gjeld val av styre. Nytt er det at selskapet no skal ha valkomité med alle eigarane representert, utpeika av generalforsamlinga. Valkomiteen skal stå fritt i sitt arbeid, men skal ta omsyn til at styret skal setjast saman slik at det samla bidrar til å fremme formålet med selskapet. Ein skal unngå val som skaper habilitetssituasjonar. Innstilling

frå valkomiteen skal vere skriftleg, skal leggast fram 1 månad før generalforsamling, og skal sendast ut saman med generalforsamlingspapira.

Generalforsamlinga valde styre for fire år i 2016, og selskapet sin valkomité vil såleis tre i funksjon ved neste styreval.

Konsesjonskraftstyret i Telemark

I vedtektene pkt. 3.4.8 går det fram at årsmøtet, som er eigarorganet, skal velje kommunerepresentantane i styret, med personlege vara, at valet skjer i år med ulike tal, og gjeld for to år. Det går vidare fram av vedtektene at fylkesordførar og fylkesrådmann skal sitje i styret, jf. avtalen pkt. 3.4.7.

Styreval er handsama på årsmøtet i 2017. Valkomité er ikkje omtala i vedtektene, og selskapet har ikkje valkomité. Forslag til styremedlemmer vart lagt fram på årsmøtet. Årsmøtet i 2017 valde både kommunerepresentantar og fylkeskommunale representantar med personlege vara.

5.2.3 Vurdering - val av styre – valkomité

Fylkeskommunen si eigarskapsmelding gir ikkje føringar for at selskap som fylkeskommunen eig saman med andre har valkomité. Eigarskapsmeldinga legg opp til at fylkeskommunen sin politiske valkomité skal arbeide med styreval. Ei slik ordning kan medverke til at kvar eigar fremjar sine forslag om styremedlemmer, utan at den samla kompetansen og samansetjinga til styret blir vurdert. Dette stettar ikkje fylkestinget sine føringar for samla styresamansetjing slik dei er uttrykt i eigarskapsmeldinga. Ordninga er ikkje i samsvar med KS sine tilrådingar.

I praksis ser vi at dei selskapa som er med i kontrollen, har eller vil få eigen valkomité, bortsett frå Konsesjonskraftstyret.

Valkomiteane sitt arbeid er lite dokumentert, og vi har ikkje informasjon om at valkomiteane i sitt arbeid har hatt eller har nytta informasjon om styret si eigenevaluering i samband med valprosessen.

I alle selskapa har eigarorganet (representantskap, generalforsamling, årsmøte) valt styre. Forslaga frå valkomiteane er i hovudsak ikkje handsama av fylkesutval eller fylkesting før møte i eigarorganet.

5.3 Styresamansetjing – kjønnsbalanse og kompetanse

5.3.1 Kontrollkriterium - styresamansetjing

Styret er ansvarleg for forvaltninga og drifta av selskapet og for tilsyn med dagleg leiar. I tilråding nr. 12 gir KS tilråding om rutinar for å sikre utvikling av naudsynt kompetanse i styra. Mellom anna er det råd om at styret sikrar opplæring av styremedlemmer, lagar styreinstruks, gjennomfører årleg eigenevaluering av kompetanse og arbeid m.m.⁷

KS tilrår at ein sikrar at den samla kompetansen i styret er tilpassa verksemda (tilråding nr. 9). Fylkestinget har vedtatt føringar for korleis styra bør setjast saman og kor mange medlemmer det bør vere i eit styre, jf. pkt. 2.3.2.2 i eigarskapsmeldinga. Dei viktigaste kompetanseområda som fylkestinget meiner bør vere representert i styra er: økonomi, jus, sektor-/bransjekompetanse og kompetanse om politiske prosessar. Vedtekter og selskapsavtale kan ha reglar om samansetjinga av styret.

Både eigar og selskap må ha tiltak som sikrar at ein handterer habilitetskonfliktar. KS tilrår at eigar (kommunestyre/fylkesting) vurderer habilitetsulempene dersom ein vel administrative leiarar og sentrale folkevalte til styremedlemmer, og meiner at ordførar og rådmann ikkje bør veljast til styre (tilråding nr. 9 og 15). Det går fram av fylkeskommunen si eigarskapsmelding at ein bør unngå habilitetskonfliktar. Vidare står det i eigarskapsmeldinga at styremedlemmane som hovudregel bør vere uavhengige mellom anna av fylkestinget, dagleg leiar, bestillar av tenester frå selskapet, leverandørar og kontrollorgan, jf. eigarskapsmeldinga pkt. 2.3.2.2.

Ifølgje IKS-lova § 10 og aksjelova § 20-6, jf. kommunelova § 80 skal det vere kjønnsbalanse i styret. Lovreglane definerer konkret ut frå størrelsen på styret kor mange medlemmer ein må ha av kvart kjønn. For aksjeselskap gjeld kravet dersom kommunar og fylkeskommunar til saman eig minst to tredelar av aksjane i selskapet. For styret i § 27-selskap gjeld reglane om kjønnsbalanse i kommunelova kapittel 6 for oppnemninga frå kvar kommune, og ikkje for det samla styret. I følgje fylkeskommunen si eigarskapsmelding bør kravet i kommunelova § 80, jf. aksjelova § 20-6 følgjast for alle verksemder fylkeskommunen eig, jf. pkt. 2.3.2.2 i eigarskapsmeldinga. KS har tilsvarande tilråding om kjønnsbalanse i styret: at ein prøvar å få til kjønnsbalanse uavhengig av organisasjonsform (tilråding nr. 11).

⁷ I tilråding nr. 9 seier KS at kommunen bør sikre styremedlemmer opplæring. Opplæring av styremedlemmar ligg naturleg til selskapet sine oppgåver, jf. tilråding nr. 12. Eigar bør avgrense seg til å eventuelt etterspørre om slik opplæring blir sikra av selskapet.

Medlemmer og varamedlemmer av styre i aksjeselskap, interkommunale selskap og andre registreringspliktige rettssubjekt skal vere registrert i enhetsregisteret i Brønnøysund, jf. foretaksregisterlova § 3-1 nr. 4 og § 3-3, eventuelt § 3-6. Dette kravet gjeld for alle selskapa vi har undersøkt.

KS tilrår at styremedlemmer skal registrere styreverva sine i styrevervregisteret. Det går fram av fylkeskommunen si eigarskapsmelding at alle som tek på seg styreverv for fylkeskommunale selskap, skal registrere verva på www.styrevervregister.no.

På denne bakgrunnen har vi utleidd følgjande kontrollkriterium:

- **Tal på styremedlemmar, styresamansetjing og vara skal vere i samsvar med lovkrav og retningslinjer.**
- **Leiande politikarar og leiande tilsette i fylkeskommunen bør som hovudregel ikkje veljast til styre.**
- **Styresamansetjinga skal vere registrert i offentlege register og i styrevervregisteret.**
- **Styret bør fastsetje styreinstruks.**
- **Eigar bør sjå til at selskapa gir tilbød om styreopplæring.**

5.3.2 Fakta om styresamansetjing

Kjønnsrepresentasjon og numerisk vara

Selskap	Storleik på styret iflg. vedtekt (utan tilsettrep)	Kjønnsrepresentasjon i styret (utan tilsettrep)	Kjønnsrepresentasjon vara (utan tilsettrep)	Numerisk vara i vedtektene?
VIGO IKS	5	Menn (3) Kvinner (2)	Menn (1) Kvinner (1)	Numerisk vara
Kragerø fjordbåtselskap IKS	5	Menn (3) Kvinner (2)	Menn (2) Kvinner (1)	Numerisk vara
Telemark og Vestfold regionteater AS	6	Menn (3) Kvinner (3)	Menn (2) Kvinner (1)	Personleg felles vara per eigar
Konsesjonskraftstyret	4	Menn (3) Kvinner (1)	Menn (3) Kvinner (1)	Personleg vara

I selskap med to eller tre medlemmer i styret skal begge kjønn vere representert. I selskap med fire eller fem medlemmer i styret skal kvart kjønn vere representert med minst to. Har styret seks til åtte medlemmer skal kvart kjønn vere representert med minst tre. Gruppene av medlemmer og varamedlemmer skal oppfylle krava kvar for

seg, og tilsette sine representantar skal ikkje telje med.⁸ Styremedlemmer som er valde av og blant tilsette er difor ikkje med i oversikten her.

Alle styreleiarane er menn.

Styresamansetjing – kompetanse

I styret i Kragerø Fjordbåtselskap IKS er det både aktive politikarar og medlemmer utan politiske verv. Styret har medlemmer med brei styreerfaring og kompetanse knytt til administrasjon og leiing, teknisk kompetanse, politiske prosessar.

Styret i VIGO IKS har kompetanse knytt til administrasjon og leiing, politiske prosessar, IT, jus og pedagogikk.

I Vestfold og Telemark Regionteater AS har kvar eigar foreslått «sine» medlemmer for generalforsamlinga. Frå Vestfold fylkeskommune er det foreslått styremedlemmer utan aktive politiske verv, medan Skien kommune og Telemark fylkeskommune har foreslått styremedlemmer med politiske verv. Styret har kompetanse innan administrasjon, leiing, politiske prosessar, pedagogikk og økonomi, styreleiing, selskaps erfaring, næringsliv og teaterfagleg bakgrunn.

Styret i Konesjonskraftstyret er sett saman av leiande politikarar. Vi har ikkje informasjon om at det er bransjekunnskap i styret, men styret har kompetanse innan administrasjon og leiing, politiske prosessar, jus og økonomi.

Leiande politikarar og tilsette i styret - uavhengigheit

Styret i VIGO IKS er sett saman av tilsette i leiande stillingar i ulike fylkeskommunar. Ingen i styret er tilsett eller politikar i Telemark fylkeskommune. Forslaga til styresamansetjing har ikkje vore handsama politisk i fylkeskommunen før representantskapsmøte.

Ingen av medlemmene i styret i Kragerø fjordbåtselskap IKS er leiande politikarar eller tilsette i fylkeskommunen.

Konesjonskraftstyret er sett saman av leiande politikarar (ordførarar) og fylkesrådmann. Denne samansetjinga er regulert i selskapet sine vedtekter.

⁸ Ot.prp. nr. 97 (2002-2003) kap. 10 pkt. 10.1, s. 57. Regelen i kommunelova § 80 a er vidareført i ny kommunelov, jf. Prp 46 L (2017-2018) og Lovvedtak 81 (2017-2018).

Telemark og Vestfold regionteater AS har eit styre med representasjon frå kvar eigar. Frå fylkeskommunen er det valt inn ein politikar som også er i fylkesutvalet.

Offentlege register – styrevervregisteret

I Einingsregisteret i Brønnøysund (jf. foretaksregisterlova) finn vi følgjande:

- Det er registrert endringar i styret i VIGO IKS i einingsregisteret i februar 2018. Før det var det ingen registrerte endringar i styret sidan 2013. Det er ikkje fullt samsvar mellom dei som har signert årsmeldinga for 2017 og dei som er registrert som medlemmer og varamedlemmer til styret i einingsregisteret.
- Kragerø fjordbåteselskap IKS har registrert endringar i styret etter val i 2014 og 2016.
- Telemark og Vestfold regionteater AS har registrert endringar i styret etter val i 2016 og 2017.
- For Konesjonskraftstyret er det ikkje fullt samsvar mellom dei styremedlemmene som er registrert i einingsregisteret og dei som vart valde av årsmøtet i 2017.

I styrevervregisteret finn vi følgjande registreringar:

- VIGO IKS – ingen av styremedlemmene er registrert med styrevervet.
- Kragerø Fjordbåtselskap IKS - to styremedlemmer er registrert i styrevervregisteret.
- Telemark og Vestfold regionteater AS – to faste og to varamedlemmer er registrert med styrevervet.
- Konesjonskraftstyret – to styremedlemmer er registrert med styrevervet.

5.3.3 Vurdering av styresamansetjing

Kjønnsrepresentasjon

Samansetjinga i Konesjonskraftstyret er ikkje i samsvar med kravet om kjønnsrepresentasjon som fylkestinget har vedtatt i fylkeskommunen si eigarskapsmelding.

Kompetanse

Dei viktigaste kompetanseområda som fylkestinget har vedtatt bør vere representert i styra er: økonomi, jus, sektor-/bransjekompetanse og politiske prosessar. Desse kompetanseområda er i hovudsak representerte i dei selskapa som vi har sett på.

Leiande politikarar og tilsette – uavhengigheit og habilitetsrisiko

Styresamansetjinga i VIGO IKS er ikkje i samsvar med fylkestinget sine føringar for uavhengigheit i styret, i og med at det sit leiande tilsette frå andre fylkeskommunar i styret (dvs. frå bestillar av selskapet sine tenester, ref. eigarskapsmeldinga pkt. 2.3.2.2). Ut frå Vigo sine oppgåver, kan det vere grunn til unntak frå føringane frå KS og fylkestinget, men forslag om slik styresamansetjing har ikkje vore handsama av fylkestinget i Telemark.

Styresamansetjinga i Konesjonskraftstyret ikkje er i samsvar med føringar om uavhengigheit i fylkeskommunen si eigarmelding, i og med at styremedlemmane frå fylkeskommunen ikkje er uavhengige av fylkestinget og av selskapet sitt kontrollorgan (årsmøtet). Styresamansetjinga er i samsvar med selskapet sine vedtekter. Den vedtektsregulerte styresamansetjinga i Konesjonskraftstyret fører til at fylkesordførar og fylkesrådmann som hovudregel blir inhabile i alle saker for fylkeskommunen der selskapet er part, jf. kommunelova § 40 nr. 3 og forvaltningslova § 6. Til dømes er dei ifølgje hovudregelen i forvaltningslova inhabile til å treffe avgjerder på vegne av fylkeskommunen i årsmøtet i Konesjonskraftstyret og til å førebu saker om Konesjonskraftstyret for politisk handsaming i fylkeskommunen.

Offentlege register – styrevervregisteret

Konesjonskraftstyret har ikkje oppdatert informasjon om styret i offentlege register samsvar med krav i foretaksregisterlova.

Fylkeskommunen sine føringar om at styreverv skal registrerast i styrevervregisteret er berre delvis følgt opp i tre av selskapa. Ingen av styremedlemmene i VIGO har registrert verva i styrevervregisteret.

6 Konklusjonar og tilrådingar

6.1 Konklusjonar

Fylkeskommunen har gjennom fleire tiltak lagt til rette for god eigarstyring. Vi vil peike på tiltak som folkevaltopplæringa, utarbeiding og politisk handsaming av eigarskapsmeldinga og eigarstrategien, og organisering av oppgåver knytt til eigarstyring i administrasjonen.

Vi ser at det ikkje alltid er samsvar mellom KS sine tilrådingar for godt eigarskap og dei føringane som fylkestinget har vedtatt i eigarskapsmeldinga. Dette kan vere resultat av vurderingar og val som fylkestinget har gjort i handsaminga av eigarskapsmeldinga. Vi vil likevel peike på følgjande:

- Fylkeskommunen eig alle selskap saman med andre. Eigarskapsmeldinga omtalar i liten grad tiltak som er eigna til å sikre god eigarstyring saman med andre eigarar, som til dømes bruk av valkomité for selskapa.
- Fylkestinget har vedtatt at eigarsaker skal ha politisk handsaming, helst i fylkestinget. Med forlenga innkallingsfrist vil det ligge betre til rette for politisk handsaming av eigarsaker. Fylkeskommunen kan ikkje einseitig instruere selskapa om forlenga frist, men dette kan fastsetjast i selskapa sine vedtekter. Eigarskapsmeldinga omtalar ikkje dette.

Enkelte lovkrav og fylkestinget sine vedtekne hovudprinsipp for eigarskap blir ikkje praktisert fullt ut:

- Dei to interkommunale selskapa i kontrollen har ikkje kalla inn til representantskapsmøte i samsvar med reglane i IKS-lova om innkallingsfrist og adressat for innkallinga.
- Innkallingar til møte i eigarorgana blir i liten grad handsama politisk, verken før eller etter møte. Nokre av selskapa har ikkje vore handsama av fylkesting eller fylkesutval i heile den perioden vi har undersøkt.
- Fylkeskommunen har ikkje hatt tiltak for å sikre at habilitet blir vurdert i fylkeskommunen si handsaming av eigarsaker.

Når det gjeld val av styremedlemmer, styresamansetjing og styreevaluering har vi følgjande konklusjonar:

- Dei styra vi har sett på har den kompetansen som fylkestinget har etterspurt i eigarskapsmeldinga.

- I dei fleste styra vi har sett på er det medlemmer som ikkje er uavhengige av fylkesting, bestillar m.v. Dette er i strid med fylkestinget sine føringar i eigarskapsmeldinga.
- Styresamansetjinga i Konesjonskraftstyret gjer at kontrollfunksjonen til årsmøtet blir svekka og at fylkesordførar og fylkesrådmann blir inhabile etter forvaltningslova § 6 første ledd e) til å handsame saker i årsmøtet og i fylkeskommunen, dersom selskapet er part i saka.
- Krav om registrering av styreverv i offentlige register er ikkje oppfylt for alle selskapa.
- Styreverva er i liten grad registrert i styrevervregisteret.
- Ikkje alle styra har utarbeidd instruksar for styret og dagleg leiar.
- Valkomiteane dokumenterer i liten grad arbeidet sitt.

6.2 Tilrådingar

Vi tilrår at fylkeskommunen

- vurderer om det er godt nok samsvar mellom ynskt praksis og formuleringar i eigarskapsmeldinga og delegasjonsreglementet.
- i større grad handsamar eigarsaker i fylkesting eller fylkesutval, i samsvar med retningsliner i eigarskapsmeldinga og tilrådingar frå KS
- sikrar at habilitetsreglane vert følgde i handsaminga av eigarsaker
- vurderer om styresamansetjing i Konesjonskraftstyret er føremålstenleg i høve til habilitetsverknadene og årsmøtet sin kontrollfunksjon
- vurderer å bruke valkomité for kvart selskap, jf. tilråding frå KS
- ser til at alle selskapa har oppdatert informasjon om styresamansetjinga i offentlege register
- ser til at alle selskapa oppdaterer registreringar av styremedlemmer i styrevervregisteret
- vurderer om det er behov for å klargjere fylkestinget sine forventningar til innhaldet i selskapet si rapportering om leiing og styring i årsmeldinga

Vedlegg

Vedlegg 1 – Formlar for berekning av nøkkeltal

Vedlegg 2 – Eventuelle kommentarar til rapporten frå eigar/selskapet.

Vedlegg 3 – KS tilrådingar for godt eigarskap

Vedlegg 1: Høyringsuttaler

Telemark fylkeskommune



Telemark kommunerevisjon IKS
Postboks 2805
3702 SKIEN

/Stabsavdelingen

Vår dato 20.08.2018
Deres dato
Vår referanse 18.07276-3
Deres referanse
Vår saksbehandler Siv Dalen
Unntatt offentlighet iht Offl § 5

18/1489 /40000 F/KT

Svar - høring eierskapskontroll

Jeg viser til høringsutkast av 22. juni 2018. Jeg inngir merknader på vegne av fylkesrådmannen.

På side 20 står det at innkalling til representantskapsmøte i Kragefjorden Fjordbåtselskap IKS ikke har vært behandlet i fylkestinget. Det riktige er at innkallingen ble behandlet i fylkestinget 5. juni 2018 (sak 18/06131).

Ellers er det på side 33 anbefalt at eier bør gi tilbud om styreopplæring. KS har ikke dette som en anbefaling i god eierstyring. Tvert imot er det i pkt 12 til KS anbefalt at styret etablerer rutiner for ekstern styreopplæring. Siden styreverv er et personlig verv synes det lite naturlig at fylkeskommunen som en eller flere eiere skal sørge for slik opplæring.

Forutsatt at du har informasjon fra saksansvarlige for de andre selskapene du omtaler, er det ingen merknader til det øvrige innholdet i utkastet.

Avslutningsvis er det ønskelig at brev om eierskapskontroll stiles til fylkesrådmannen og ikke Telemark fylkeskommune, slik at saken blir registrert på riktig person til oppfølging innen fristen.

Med vennlig hilsen

Siv Dalen
Fylkesadvokat
Siv.Johanna.Dalen@t-fk.no
+47 35 91 72 39

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Postadresse:	Besøksadresse:	Sentralbord	Foretaksregisteret: 940 192 226
Postboks 2844	Fylkesbakken 10	35 91 70 00	E-post: post@t-fk.no
3702 Skien	3715 SKIEN		www.telemark.no

Kragerø Fjordbåtselskap, e-post 2. juli 2018

Til høringsutkastet har vi følgende innspill:

Under 3.3.2 Fakta om handsaming av representanten sitt mandat
Selskapsavtalen for Kragerø Fjordbåtselskap IKS krev at det skal kallast inn til representantskapsmøte innan utgangen av april, med fire vekers frist (Her kan det være en misforståelse i teksten, da dette er blitt oppfattet som at innkallingen skal være innen utgangen av April og ikke selve møte)

Vi har forstått det slik at det som har vore uklart no er avklara, og at innkalling til representantskapsmøte våren 2018 er sendt både til representant og deltakar. Innkallinga har ikkje vore handsama i fylkesutval eller fylkesting. (Her fikk jeg opplyst at for 2018 så var dette behandle ti fylkesutval og fylkesting, ber dere sjekke dette en gang til – snakk med Wenche Fougner)

Med vennlig hilsen



Kragerø Fjordbåtselskap IKS

Inge O Rønning

Daglig leder

Tlf: +47 40 00 58 60

E.post: inge@fjordbat.no

Telemark og Vestfold regionteater AS, e-post 3. august 2018

Hei,

Styreleder og jeg har sett på høringsforslaget og kommet frem til følgende punkt som bør endres for Telemark og Vestfold Regionteater AS;

Punkt 5.2.2 (side 30 nederste avsnitt): Vårt styre er valgt for **fire år**, og det ble valgt i **2016**, ikke 2017.

Punkt 5.3.2 (side 33 i tabell): Vårt styre har **tre menn og tre kvinner** valgt av eierne, ikke fire og to.

I tillegg til oversikten over styrekompetanse kan det føyes til (side 34 - avsnitt 3): **styreledelse, selskaperfaring, næringsliv og teaterfaglig bakgrunn.**

Utover dette ser det greit ut for Telemark og Vestfold Regionteater AS.

Med vennlig hilsen

Christin Normann

Adm. Direktør

Teater Ibsen, Norge/Norway

Tlf +47 35 90 50 44

Mob +47 909 43 610

christin.normann@teateribsen.no

www.teateribsen.no

VIGO IKS

Vi har mottatt høringsuttale frå Vigo IKS ved e-post 20.08.18, med retting av enkelte faktafeil. Rapporten er retta i samsvar med innspela frå Vigo IKS.

Vedlegg 2: KS' Tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll

Nr. 1 OBLIGATORISK OPPLÆRING AV OG INFORMASJON TIL FOLKEVALGTE

Kommunene bør som en del av sitt folkevalgtprogram gjennomføre obligatoriske kurs eller eierskapsseminarer. Den første opplæringen bør gjennomføres i løpet av de første 6 månedene av valgperioden. Det anbefales at kommunestyret får en oversikt over status for selskapene.

Nr. 2 VURDERING OG VALG AV SELSKAPSFORM

Det er eiers ansvar å sikre en selskapsform som er tilpasset selskapets formål, eierstyringsbehov, samfunnsansvar, hensynet til innsyn, markedsforhold og det aktuelle lovverket.

Nr. 3 FYSISK SKILLE MELLOM MONOPOL OG KONKURRANSEVIRKSOMHET

Selskaper som opererer i et marked i konkurranse med andre aktører i tillegg til monopolvirksomhet, bør som hovedregel skille ut den markedsrettede delen av virksomheten for å unngå rolleblanding og kryssubsidiering.

Nr. 4 UTARBEIDELSE AV EIERSKAPSMELDINGER

Kommunestyrene bør hvert år fastsette overordnede prinsipper for sitt eierskap ved å utarbeide en eierskapsmelding for alle sine selskaper.

Eierskapsmeldingen bør minimum ha disse hovedpunktene:

1. Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskaper og samarbeid.
2. Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunens prinsipper for eierstyring
3. Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene.
4. Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene.
5. Selskapenes samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv.

Nr. 5 UTARBEIDELSE OG REVIDERING AV STYRINGSKONTROLLDOKUMENTER

Kommunestyret skal utarbeide og bør jevnlig revidere styringsdokumentene og avtalene som regulerer styringen av selskapet.

Nr. 6 EIERMØTER

KS anbefaler at det jevnlig gjennomføres eiermøter for å bidra til god eierstyring og kommunikasjon med selskapet. Et eiermøte er et møte mellom representanter fra kommunen som eier, styret og daglig leder for selskapet.

Nr. 7 EIERORGANETS SAMMENSETNING OG FUNKSJON

Avhengig av selskapets formål, anbefales det som en hovedregel at kommunestyret oppnevner sentrale folkevalgte som selskapets eierrepresentanter i eierorganet. Eierstyring skal utøves innenfor rammen av kommunestyrets vedtak.

Nr. 8 GJENNOMFØRING AV GENERALFORSAMLINGER OG REPRESENTANTSKAPSMØTER

De formelle eiermøtene er generalforsamling eller representantskap. Det er styret som innkaller. Bestemmelser om innkallingsfrist bør tas inn i vedtektene, slik at det tas hensyn til kommunens behov for å ha tid til å behandle aktuelle saker.

Nr. 9 SAMMENSETNINGEN AV STYRET

Det er eiers ansvar å sørge for at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset det enkelte selskaps virksomhet. Det anbefales at kommunen sikrer opplæring av styremedlemmene.

Nr. 10 VALGKOMITE OG STYREUTNEVNELSER

Ved valg av styrer til kommunalt eide selskaper bør det vedtektsfestes bruk av valgkomite.

Nr. 11 KJØNNMESSIG BALANSE I STYRENE

Det anbefales at eierorganet uavhengig av organisasjonsform tilstreber balansert kjønnsrepresentasjon. Styremedlemmene behøver ikke være bosatt i kommunen.

Nr. 12 RUTINER FOR Å SIKRE RIKTIG KOMPETANSE I SELSKAPSSTYRENE

Eier har ansvar for å sikre at styret har den nødvendige kompetansen for å nå selskapets mål. Eier bør også anbefale styret selv jevnlig å vurdere egen kompetanse ut fra eiernes formål med selskapet. Det er derfor anbefalt flere rutiner for å sikre nødvendig kompetanse.

Nr. 13 STYRESAMMENSETNING I KONSERNMODELL

Styremedlemmer i morselskap bør ikke sitte i styret til datterselskap. Konserndirektøren kan være representert i datterselskapenes styrer.

Nr. 14 OPPNEVNELSE AV VARAREPRESENTANTER

Der det utpekes varamedlemmer til styret bør ordningen med numeriske varamedlemmer benyttes for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

Nr. 15 HABILITETSVURDERINGER

Det anbefales at styrene etablerer faste rutiner for å håndtere mulige habilitetskonflikter. Ordfører og rådmann bør ikke sitte i styret i selskaper.

Nr. 16 GODTGJØRING AV STYREVERV

Kommunen bør i forbindelse med utarbeidelse av eierskapsmelding ha en prinsipiell diskusjon om godtgjøring av styreverv. Denne bør danne grunnlag for eierorganets fastsetting av styrehonorar.

Nr. 17 REGISTRERING AV STYREVERV

Alle som påtar seg styreverv for kommunale selskaper bør registrere vervene på www.styrevervregisteret.no

Nr. 18 ARBEIDSGIVERTILHØRIGHET I SELVSTENDIGE RETTSSUBJEKTER

Det anbefales at selskapene søker medlemskap i en arbeidsgiverorganisasjon. KS Bedrift vil være et naturlig valg for mange av disse selskapene.

Nr. 19 UTARBEIDELSE AV ETISKE RETNINGSLINJER

Eier bør påse at selskapsstyrene utarbeider, og jevnlig reviderer, etiske retningslinjer for selskapsdriften.

Nr. 20 SÆRLIG OM ADMINISTRASJONSSJEFENS ROLLE I KOMMUNALE FORETAK

Det anbefales at kommunestyrene ved opprettelse av kommunale foretak diskuterer administrasjonssjefens rolle og handlingsmuligheter overfor daglig leder.

Nr. 21 UTØVELSE AV TILSYN OG KONTROLL

Kommunestyret har både et tilsyns og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterleves og at etiske hensyn ivaretas. Kontrollen utføres blant annet gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollansvaret gjelder også når virksomheten er skilt ut i egne selskaper.

Vedlegg 3: Leser du dokumentet elektronisk?

For PC, android nettbrett eller Mac

Dette er et PDF-dokument, som er lagt til rette for Adobe Acrobat Reader. Adobe Acrobat Reader gir pålitelig visning av PDF, og kan lastes ned gratis.

Skal du finne noe raskt?

Du kan se innholdsfortegnelsen til venstre på skjermen hvis du velger dette ikonet, som du kan klikke på til venstre i skjermen.

Klikk på ønsket kapittel for å komme direkte dit i dokumentet.



Du kan også søke etter ord i teksten. Tast Ctrl+F på PC, eller Cmd+F på Mac, og skriv inn ønsket ord i søkefeltet som dukker opp.

Lese på iPad?

På iPad kan du lese dokumentet i iBooks.

Last ned rapporten fra e-posten, og åpne den i iBooks.



Importer med iBooks

- Klikk på ikonet
- Dokumentet legges i biblioteket

Her kan du bla gjennom rapporten side for side, eller du kan hoppe til ønsket side ved å bruke sidevisning. Sidevisning velger du fra toppen av skjermen (feltet til venstre i ikonet). Det er også mulig å navigere fra innholdsfortegnelsen – det velger du også fra toppen av skjermen (feltet i midten av ikonet).



[Klikk her for å gå tilbake til forsiden.](#)